

Detaljregulering FTU3 utleigehytter ved Kursetstranda – VAO-plan

OSE AS
Vikeøyane 7, 6150 Ørsta
Tlf 70 04 52 20
firmapost@oseing.no


oseing.no

Dykkar ref.: Vår ref.:P1852 Dato:24.02.2026

1. Innleiing

Det er ønskeleg å leggje til rette for utbygging innanfor planområdet med utleigehytter. Det blir planlagt for inntil 8 nye bygningar langs kommunevegen Kursetstranda.

Utbyggingsområdet er lokalisert på Hundeidvik, om lag 700 m nord for ferjekai.



Figur 1 Oversikt over området ved planområdet, der planområdet er indikert med blå sirkel.

2. Heimelsdokument

Heimelsdokument for VAO i Sykkylven kommune:

- [Kommunen si VA-norm 2015](#)

- [Aktuelle VA-miljøblad](#)

3. Planområdet

Planområdet for utbygging ligg på høgdekote 0 - 10 m, med fall mot vest til sjø, og området grensar til sjø. Området er bygd ut med eit naust, det er bustadar og fritidsbustad ovanfor kommunevegen, utanfor planområdet.



Figur 2 Framlegg til reguleringsplan..

4. Utbygging

Det er planlagt inntil 8 nye bygg (utleiehytter) og vidareføring av eksisterande naust.

5. Grunnforhold

Lausmasse i området er marin strandavsetning.




Figur 4 Oversikt lausmasse og marin grense (blå stipla line). Kjelde NGU.



Figur 3 Oversikt infiltrasjonspotensiale ved planområdet. Kjelde NGU.

6. Eksisterande VAO-nett

Det er vass-, spillvass- og overvassleidningar i og ved planområdet, private og Hundeidvik vassverk BA sine vassleidningar.



Figur 5 Oversikt over eksisterande VAO-leidningar i og ved planområdet, spillvatn (grøn line) og vassleidning (blå line). Planområdet er synt med blå stipla line.

6.1 Vatn

Det ligg Ø 110 mm vassleidning parallelt med kommunevegen om lag 120 m aust for kommunevegen. Det er ført fram vassleidning Ø 32 mm til bustadar og fritidsbustad aust for planområdet.

6.2 Spillvassleidning

I nordre del av planområdet går det spillvassleidning gjennom planområdet, frå bustadområde aust for planområdet, gjennom kommunevegen og leidning til sjø. Det er spillvasskum rett vest for kommunevegen.

6.3 Overvatn

Det er ikkje registrert overvassleidningar i området. Det går fleire stikkveiter gjennom kommunevegen til planområdet.


7 Prinsipppløysing for VAO

Det er tilstrekkeleg fall for sjølvfall for spillvatn og overvatn i området. Overvatn kan først direkte til sjø, ikkje behov for drying.

Alle nye leidningar synt i kart under skal vere private, bortsett frå Ø110 mm for vatn som Hundeidvik vassverk BA skal eige.

Skisse under syner mogleg trase for nye VAO-leidningar med aktuelle dimensjonar. Endeleg traseval og dimensjonerig må skje i samråd med kommunen, Hundeidvik vassverk BA, grunneigarar og utbygger ved detaljprosjektering. Tiltakshavar har vore i kontakt med grunneigarar der mogleg Ø 110 mm vassleidning skal gå, desse har vore positiv til framføring av ny vassleidning. Dei øvste hyttene vil stå på pælar, å leggje leidningar under dei vil ha små negative konsekvensar.

Området vil ikkje kome innanfor nedbørsfelt/omsynssone til drikkevasskjelder.



Figur 6 Prinsipppløysing for nye VAO-leidningar innanfor planområdet.

7.1 Vassforsyning

Forbruksvatn

Det er ikkje tilstrekkeleg vassforsyning til å dekkje forbruksvatn til ny utbygging med Ø 32 mm. Det må leggjast til for ny vassleidning frå Hundeidvik vassverk BA si Ø 110 mm vassleidning som går aust for planområdet. Det er brannvatn som vil vere dimensjonerande for vassmengd. Ny vassleidning kan gå frå midten av planområdet og rett aust, mellom bustadar, eller langs spillvassleidning.


Brannvatn

Det er ikkje planlagt verksemd som krev slökkjevatn utover TEK sine rettleiande tilrådingar. Det vil vere behov for vassmengd på 20 l/s for brannvatn for småhusbusetnad. Eksisterande vassleidning vil ikkje stette dette. Det må leggjast ny Ø 110 mm leidning frå vassleidning aust for planområdet, enten mellom bustadar eller langs spillvassleidning. Det kan setjast inn brannventil ved kommunevegen, som vil gje moglegheit til å ta ut brannvatn for planområdet og eksisterande bustadar/fritidsbustadar. Hundeidvik vassverk har meldt om at det er godkjent brannhydrant på enden av Kursetstrandvegen, i følgje leiar av Hundeidvik vassverk tilstrekkeleg mengde vatn.

7.2 Spillvatn

Hjørundfjorden vil vere ein tilstrekkeleg god resipient for anlegg med slamavskiljar og leidning til sjø. Det ligg i dag kommunal spillvassleidning som ein vil kople seg på. Sidan dei fleste utleigehyttene ligg høgt i terrenget, vil ein kunne oppnå sjølvfall for dei fleste til pumpekum, for så å pumpe opp til slamavskiljar til kommunal spillvassleidning, eventuelt kople til ny slamavskiljar på parkeringsplassen. Sjølvfall leidning bør ha diameter Ø 110 mm. For sørlege utleigehytte må spillvatn pumpast opp til næraste utleigehytte, med sjølvfall til pumpekum. Diameter pumpeleidning må avklarast med leverandør av pumpe. Prinsippskisse av spillvatn leidningar er synt i figur 7.

Det vert konkludert med at det vil vere mogleg å få til akseptable spillvassløyser for planområdet.



Figur 7 Eksisterande VAO-leidningar og prinsipppløysing for nye, med plassering av brannventil og 50 m sirkel rundt denne.

7.3 Overvasshandtering

Sidan delar av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for flaum, er det gjennomført flaumvurdering av området.

Nedbørsfelt



Figur 8 Oversikt over nedbørsfeltet for planområdet. Kjelde Flomfarevurdering for planområde ved

Framlegg til tiltak for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik, henta frå flaumvurderinga:

- Bygg må plasseres slik at de har fall mot tilgrensende terreng. Det anbefales at nye bygg plasseres minimum 0,3 meter høyere enn omliggende terreng.
- For bekkeløp tilknyttet 300 mm rør: sikre vannvei mellom stikkrenner og fjorden via eksisterende løp eller via grøfter ved bygg/veger. Det anbefales at det benyttes minimum 400 mm rør for nye stikkrenner. Ved kryssende veier så anbefales det å etablere lavbrekk over veien over stikkrenne for eventuelle overløp. Eventuelle grøfter bør ha minimum areal 0,5 m² og 3 % fall.
- Flomvei sentralt i området (tidligere bekkeløp) bør stå åpent slik det gjør i dag for å sikre trygg vannvei ned til fjorden. Det anbefales å sette av minimum 5 meter på hver side av løpet. Eventuelle vegkryssninger bør sikres med kapasitet tilsvarende 800 mm rør og lavbrekk over vegen.
- Ved å føre bekkeløpet fra oppsiden av veien direkte igjennom Kursetstranda via rør, i stedet for til den nordvestlige stikkrenna med 300 mm, kan flomsonen rett vest for bekkeløpet elimineres. Bekkeløpet vil da føres til sitt originale løp som også er kartlagt som flomvei. Det er da viktig at dagens 300 mm rør fjernes eller plomberes. Endringen må eventuelt avklares med eier av røret, og det må undersøkes om at det ikke er flere overvannsrør som ledes

inn til dagens rørføring.

- Bekkeløpet uten aktsomhetssone, nordvest i kartleggingsområdet, bør ha tilsvarende buffer med minimum 5 meter på hver side av løpet. Eventuelle vegkryssninger bør sikres med kapasitet tilsvarende 800 mm rør og lavbrekk over vegbanen.

Dersom stikkveite skal forlengjast må kapasiteten på røret aukast, jamfør å nytte arealet til biloppstillingsplass. Det er i føresegnene sett krav om 800 mm rør dersom stikkveit skal forlengjast.

7 Flaum og flaumvegar

Flaumvegar er basert på vurderingar om falltilhøve og nedbørsfelt.

Mogleg flaum vatn vert vurdert å kunne kome frå aust, langs eksisterande bekkar. Terrenget innanfor planområdet langs bekk bør utformast slik at mogleg flaumvatn vil følgje flaumvegen, å ikkje føre til skade andre stadar. Illustrasjon under syner flaumveg og avrenningspilar.



Figur 9 Oversikt over flaumvegar og avrenningspilar ved planområdet.



Figur 10 Avrenningspiler aust for planområdet.